

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 36.

Fylke: Møre og Romsdal.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Fræna.

Emne: Helsing, Fakter og Åtferd.

Bygdelag: Fræna

Oppskr. av: Hans Haukås

Gard: Haukås

(adresse): Elnesvågen

G.nr. 46 Br.nr. 18

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Både etter røynsle og samlingar.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
Einskilde heimelsmenn har ikkje vore notert.

SVAR

7641

Helsing, Fakter og Åtferd.

Sp.1. I eldre tid som no, vart-Nei-ofte uttrykket ved å kasta hovudet til eine sida-eller rugga med hovudet til både sider-eller rista på hovudet. eller vinka framover med handa-vinka av-

J a:

Då rekkte ein opp ei hand eller nikka med hovudet.

Sp.2. Før var det vanleg her at menn helsa på alle dei møtte-om det ikkje var fark og fant. Men helsa den møtande var det vanleg at menn svara på helsinga. Berre når ei einsleg kvinne møtte ein einsleg framand kunne ho la vera å svara på helsinga.

Sp.3. Det vanlege var at den som var lågast i rang-ringast økonomisk og sosialt helsa først, sjøl om dei var kjende. Berre mellom rett gode vener og arbeidskameratar vart regelen ikkje fylgd. Møtte ein mann ei kvinne, var det vanleg at mannen helsa først, om då ikkje kvinne vilde tala med mannen, so ho av den grunn skunda seg med å helsa først. Likeins var det vanleg at den som vilde be den andre om noko helsa først. Kom ein på ein framand gard eller i eit framandt hus, helsa jamt den komande først.

Sp.4. Når ein møtte ukjende menn-vanlege folk-på ein veg og ikkje hadde noko ein skulde tala med mannen om, sa ein før: Godt mot. Var det ein kjend som ein vilde tala med, sa ein anten: Goddag-eller signe møtet. utan å ta av seg lua. Var det lenge sidan dei hadde møttest tok dei også kvarandre i henderne og sa -Takk for sist.

Dette var likt for menn som kvinner.

Møtte menn nokon som var rekna for høgare-større i rang eller makt tok ein av lua og sa: Signe møtet. Ein brukte ikkje Godt mot-då.

No har dette med-Signe møtet-vorte avløyst av Goddag,-Godkveld-o.s.b.

Sp.6.

Tok ein lua i både henderne tydde det at ein kjende seg underordna og ikkje var verd å ta den andre i handa. La ein lua under armen skulde det tyda at eih var viljug å ta den andre i handa, om han då ville syna han den æra. Av presten venta ein jamnast det. Tok ikkje ein mann av lågare rang handa til ein som var rekna for høgare-større, var det å syna vanvyrndad. Bestefar Sa: "Du skal ikkje gjeva handa di til låke, vonde menneske, anten dei er høge eller låge".

Var det sers høgætta eller høgt vyrde menneske venta ein jamnast ei stund før ein sette lua på hovudet att. Møtte ein born, var det vanleg at dei vaksne helsa først-om ikkje barnet vart først. Og jamnast sa ein nokre venlege ord til barnet.

K v i n n e r:

Kvinner helsa ikkje først på menn, utan dei var nere slektingar eller kvinne vilde tala med mannen. Men kvinne helsa på kvinnen, og her var det same regelen med å helsa først som hos menn. Kvinnen nikka jamnast med hovudet-ho neia ikkje. Det var berre jentungane som neia til vaksne og kvarandre. Når kjende kvinner møttest var det jamnast: Goddag og Gud signe, takk for sist og so fornamna. Til presten helsa vanlege kvinner først.

Sp.7. Var ein kledd i høgtidsbunad nyttar ein jamnast dei mest høgtidelege helsingar-som: Goddag-Gud signe-Goddag, vel møtt-godt møte.

Til kvardags var det jamnast berre: Gomorn, goddag-godkveld-Farvel.

Ved kyrkja sa ein ofte til kjende: Goddag-Guds fred-Velkommen til kyrkja.

Sp.8. Å handhelse var vanleg når nere slektingar møttest, likeeins i alle lag-som bryllup, barnsøl-gravøl. likeeins når hadde eit serleg ynskje å bera fram. Ved vitjing tok ein både store og små i handa, når borna var so store, dei gjekk ikring. Ja kvinnene tok ogso voggebarnet i

handa. Jamt når ein vilde ha ei meir intim samtala eller ha hjelp brukar
ein høgtideleg helsing-helsa i handa.

Sp.9. Det var helst overordna som -klappa på aksla-Dei vilde dermed slå fast:
Ver med godt mot-ta det med ro-Høyr på meg-Gjer som eg har sagt-eller
berre for å syna samhug og venskap. Foreldre nytta det overfor borna,
og born til foreldre. Som særleg uttrykk for venskap og samkjensle tok
ein handa deira med bæ sine.

Sp.10. Å blotta hovudet, når ein høyrd kyrkjeklokke var vanleg før-for ei
50-60 år sidan. Var dei ute på arbeid la mennerne av seg lua ei stund.
Kvinnerne knepte henderne over riveskaftet-sigden og sto stille ein
augneblink. Det er og fortalt, at dei slo seg for brystet. Det skulde
henge saman med at kyrkjeklokke var nytta til å varsle mobilisering.

Sp.11. Møtte ein brurferd tok mennerne av hovudet medan brurfolket og det
meste av fylgjet for framom. Kvinnerne nikka til fylgjet. Var det grav-
ferd tok mennerne lua av, kvinnerne knepte henderne og stod bøygde
medan liket og meste fylgjet køyrd framom.

Sp.12. Der det var gamle ferdavegar, var det sume ting ein skulde helsa ser-
leg på. Soleis skulde ein kasta ein liten stein på ei stor Steinblokk
som stod ved vegen-kalla "Laten". Ei gammal furu, som stod på høgda av
ein bratt kneik skulde ein stogga ved, og her skulde ein ta ein dram
som takk for at ein no var komen vel over verste vegemykkjet. Likeins
var det sume stader ein laut fara meir vyrdelegt og varsamt fram, avdi
det gjekk segner om å vera sett underlege ting der. Av dyr var det
serleg hunden og hesten ein helsa sers på.

Sp.13. Gomorn-var bruca berre sers tidleg- frå kl. 6 -9-seinare var det
Goddag. Morn var ikkje bruca før i siste åra.
God Efta-Godkveld brukte ein etter det tok til skymast(mørkne)
Godafoten var ikkje bruca før i det siste.
Godnatt bruca ein, når ein gjekk frå folk om kvelden-eller gjekk frå
laget for å leggja seg. Vanleg etter kl.20.

Sp.14. Å bruca Gomorn heile døgret ser ein ikkje nett som noko usømeleg,
men som likesel og slurvet-som ein sjargong-som ein ikkje legg noko
i. Ein reknar det difor ikkje som nokor skikkeleg helsing.

Sp.15. Det kan bli sagt: Er det morgon endå då? Er du ikkje oppstått før no
kanskje? Er du "tåkomen?" Har du snudd døgret?

Sp.16. Morn er ikkje vorte vanleg her. Ein nyttar den gamle helsemåten for
det meste.

Sp.17. Guds fred var nytta før attåt vanleg helsing.t.d. Goddag og Guds fred
i huset. Eller når nokon reiste: Far i Guds Fred-No er det mest berre
predikantar som nyttar denne helsemåten.

Signe-arbeidet-strevet-kvila-laget-maten-er endå vanleg i bruk.

Sp.18. Til ein som skulde ut å reisa. Lev vel og signa reis-tur-ferd, eller
signing på ferda di.

Sp.19. At ein tok opp att helsinga, når gjesten kom inn er ukjendt her.

Sp. 20. Var det fleire tilstades sa ein: Kunde eg få tala nokre ord med deg
Ola? Eg skulde tala nokre ord med deg, Anna, om du har tid?

Sp.21. Å banke på døra var før berre nytta tidleg på morgonen eller seint
på Kvelden-ikkje om dagen. No er det vanleg heile døgret.

Sp.22. Vanleg svara dei før: Stig på-Kom inn. No er det Varsogod. Han som kom
inn skulde helsa vyrdeleg og ta av lua.

Sp.23. Vanleg vart dei ståande innanfor døra til dei bad han setja seg.

Sp.24. Han skulde ta av lua straks han kom inn.

3.

- Sp.25. Ein sa:-til kjende-Du må setja deg.-Sjå å få sitja-I dei gamle husa med faste benkjer kring veggane-sa ein:Du må setja seg frami benken-Du må koma frami benken.
- Sp.26. Var det høgare personar-som prest, lensmann reiste ein seg og sa: Presten-lensmannen -må vara so god å setja seg.Hadde ein ei finare stove fylgte ein dei dit.
- Sp.27. Heilt framande kunde helsa på so ømse måtar:Var det bygdefolk, sa dei anten Gomorn-Goddag eller Godkveld.Andre kunde segja:Goddag og Gu sig-ne-Goddag i huset-Goddag-signe folk og heim.Goddag,Guds fred i huset-Heilt framande var jamnast meir omstendefg med helsinga.Var det byfolk fekk ein eit lett-Gomorn-eller Goddag.
- Sp.28. Ein såg jamnast etter kva slag menneske den framande kunde vera.Var det eit vanleg bygdemenneske tok ein det på kvardagsleg vis.Var den framande sers finkledd-såg ut som storfolk var ein meir høgtideleg, reiste seg og tala litt med den framande.La so til:Eg veit ikkje om eg kan be Dykk setja Dykk her? Ein fann då jamnast ein god plass til den farmande.Vilde den framande handhelsa,spurte ein først kven han var,om han ikkje sjølv nemde seg.
- Sp.29. Innbedne gjester tok ein jamt i handa,når ein ynskte dei velkomne og rettleidde dei til sete,hjelpte dei med kleder o.a.dei hadde med.
- Sp.30. Ved kvardagslege vitjingar sa ein jamnast:Farvel-Hadde den vitjande teke mot hjelp-råd-eller fått ei teneste-nytt noko o.s.b.sa dei: Farvel og takk for meg-eller takk for no-for idag.
Ein svara då:Farvel og takk for du kom-såg inn-for vitjinga.Var det langframande-Farvel og god heimreis.Ofte la ein til:Og so må du sjå innom att,når du kjem på desse kantane.
Og skulde me ikkje råkast meir,so må de leva vel og Vårherre vera med Dykk.
- Sp.31. Gjestane tok jamnast husfolket i handa ,når dei takka for seg.
b. Var det siste gonga-sa ein Farvel-og so må du ha takk for alt-og Gud signe oss alle-Vårherre vare med oss alle.
- Sp 32og
33. Det var berre foreldre og foreldre og born som kysste kvarandre til avskil-men ikkje på munnen.Når mannen reiste til fiskje,tok han handa om halsen på kona,la kinnet sitt til hennar og kysste på kinnet.
Likeins om det var kona eller borna som reiste.
- Sp.34. Ein kunde segja.Ho fekk ein smask-Eg ga han ein på truten.Ho fekk ein smell på munnen.
- Sp.35. Å kysse på handa var ikkje brukt anna med småborn.
- Sp.36. Det var jamnast for å syna seg sers elskeleg-Kunde ogso vera av takk-semd for eit eller anna.
- Sp.37. Å kyssa si eiga hand som uttrykk for stor glede,veit ein ikkje om her.Men ein kunde klappa i henderne-slå henderne saman-vogga med hovudet og overkroppen eller slå seg på låra.
- Sp.38. Skal dama eller mannen få ein Nutt med deg.eller få munn med deg?
- Sp.39. Å gni nasen mot småborn har vore og er bruks.Ein sa:Få nase med deg.
No tek eg nasen din-Det var kalla-å tippe nase-gje nase-byte nase.
- Sp.40. Det var dei som leika og ståka med borna som gjorde det-foreldre-søskens-besteforeldre-og andre born, ikkje vaksne framande.
- Sp.41. Å stela nase var og er nytta med småborn.Ein tok nasetippen mellom peike-og langfingeren og klaup over nasen.Det var kalla å klype nase-stele nase eller nappe nase.
- Sp.42. Å gje godkjake var og er bruks-sjå Sp.32-Ein segjer:Skal eg få ein godkjake med deg-ein klem med deg.
- Sp.43. Det var og er bruks både mellom vaksne og born-born og born- og ogso mellom vaksne-gode vene og slektingar.
- Sp. 44. Uttrykket-Til Lukke-var bruks mest i alle høve,når ein bar fram Ynskje om velferd. Lukke med dagen-Lukke på reisa-Lukke med dotra-

4. med sonen- ved barnefødsel-konfirmasjon eksamen-når dei fekk ei stilling-
Lukke med arbeidet-Når ein kjøpte eit dyr-ynskte seljaren tillukke med
hesten-grisen-kua. Lukke med giftarmålet-Lukke med båt,jord med handelen.
Lukke med Jula.Etter Nattverden- Lukke og signing.

Sp.45.

Jule-og nyårsynskja var mest -Tilukke med-eller berre God jul-Godt nyår.
-Sigan jul- Sjå Sp.44.

Sp.46.Goddag-tok jamt handa-Gud signe og trøste dykk. No brukar ein mest
Kondolerer--Egdhar tenkt so på dykk-havt so vondt av dykk.

Sp.47.Du skal ha so mykje takk-Takk ~~før~~ det,Ola.-

Sp 48.Ein takka frå den avlidne-for vitjingar-hjelp og samhug.Det vart gjort
både i huset og ved grava.Eg skal segja alle ein siste takk frå-

Sp 49.Vanvyrnad viste ein:-når ein ikkje svara på helsing,ikkje såg på
den helsande-gjekk bort frå han-ikkje svara på tiltale-ikkje tok mot
ei framrekkt hand-ved å peika på vegen-at han skulde gå-på døra-
vinka av med handa.

Sp.50.Her segjer ein du til alle vanlege bygdefolk og kjende.Det er berre
meir ukjende og folk av høgare rang ein segjer De til-t.d.prest,lens-
mann o.s.b. I -og Jer- har ikkje vore bruka her, som vanleg helsing.

Sp.51.Ein bruka ikkje han-eller ho- anna enn om tredje person,i tiltale.
Det hender berre i ømse høve,og då til godt kjende.t.d.

No må han koma slaktaren og få ein kopp kaffe. -No må ho Anna koma
inn til meg ei stund-